



## Notat

Dato: 29.08.2014  
Arkivsak: 2014/862-16  
Saksbehandlar: ragskj

---

**Til:** Torbjørn Mjelstad

---

**Frå:** Ragnhild Ravna Skjærvik

---

### Plan for gjennomføring av lærling- og lærebedriftsundersøkinga

#### Bakgrunn

Fylkestinget bad i møte 10. og 11.12.2013, sak 87/13, fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- *Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risikovurderingar.*

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune».

Fylkesrådmannen har laga ein handlingsplan (sak 2014/862) som svar på bestillinga. Handlingsplanen seier følgjande om det ovanneemde tiltaket:

	Vedtak frå fylkestinget	Planlagt framdrift	Planlagde tiltak	Ansvar
5	<i>Prioritere oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor. Oppfølginga bør gjerast på bakgrunn av systematiske risiko-vurderingar</i>	Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014  Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	<ul style="list-style-type: none"><li>• Systematisere innsamling av data frå bedrifter og lærlingar.</li><li>• Kvalitetssikre arbeidet med bedrifts-besøk.</li><li>• Årleg besøke alle opplæringskontor og eit visst tal på bedrifter ut frå fokus-område.</li></ul>	Fylkesdir. opplæring

## Plan for gjennomføring av lærling- og lærebedriftsundersøkinga

Lærling- og lærebedriftsundersøkinga skal gjennomførast hausten 2014 i perioden 15.10-15.12., og deretter annakvart år.

### Lærlingundersøkinga

Lærlingundersøkinga er ei elektronisk basert spørjeundersøking som skal gi lærlingar muligheita til å formidle oppfatningar om opplæringa og andre tilhøve som er sentrale for læringsutbyttet og læringsmiljøet. Undersøkinga gir viktig informasjon om kvaliteten på og utfordringane for fag- og yrkesopplæringa, og gir muligheit til å samanlikne resultat over tid og få eit bilete av opplæringa som vert gitt.

Utfordringa med undersøkinga er først og fremst å få høg nok svarprosent til at resultatata kan seiast å vere representative, slik at dei kan brukast som ein del av arbeidet med kvalitet i opplæringa i bedrift.

### Lærebedriftundersøkinga

Parallell undersøking til lærlingundersøkinga, der fagleg leiar i lærebedriftene svarar på undersøkinga.

### Kven skal svare på undersøkinga?

Lærlingar og lære kandidatlar som har vore i lære i meir enn 11 månader per 1. oktober, skal svare på Lærlingundersøkinga. Fagleg leiar svarer på Lærebedriftundersøkinga.

Informasjon om kven dette gjeld, hentar Utdanningsdirektoratet frå VIGO-registeret over lærlingar/lærekandidatar og faglige leirarar **1. oktober**.

### Gjennomføring av undersøkinga

All kommunikasjon til lærling/lærekandidat og fagleg leiar skal gå gjennom e-post og SMS. I perioden undersøkinga er open skal vi purre minimum 8 gonger. Målet med å purre mange gonger er å få høgast mogleg svarprosent. Vi vil intensivere purringa dei siste dagane før undersøkinga stengje.

### Evaluering av resultatet

Resultatet av undersøkinga skal inngå som ein del av arbeidet med kvalitetsutvikling av fagopplæringa.

### Premiering

Ved tidligare gjennomføring av lærlingundersøkinga har ein trekt ut ein av deltakarane som har vunne ein Iphone. Det verkar ikkje som om dette hadde noko innverknad på svarprosenten. Rogaland fylkeskommune som har arbeida systematisk med undersøkinga over fleire år har ikkje brukt premiering fordi dei ikkje hadde tru på at dette ville gje merkbart auke i svarprosenten.